



Kokken, Hanne Bakke Berntsen, saman med grandtanta si og jubilar, Selma Eik

**Kokken i Mauranger, Hanne Bakke Berntsen, laga maten til grandtanta si i går. Selma Eik var 75 år 16. april. Dagen vart høgtida som eit stort slektstreff i Olaløo i går. Rundt 70 gjester kom til Mauranger, av dei bror hennar og familien hans frå Danmark. Om alle hadde kome, kunne talet vore nær hundre.**

Kokken, Hanne Bakke Berntsen, kjem frå Uskedalen. Ho har utdanninga si frå kokkelina på Kvinnherad vidaregåande skule, lærling på Rosendal Fjordhotell og seinare vidareutdanning i faget tradisjonsmat frå akademiet i Rauland.

Hanne er i dag medeigar i verksemda Olaløo AS. Ho fortel at drifta er god med mange tingingar og faste leveringar. I sommar vil det vera ope kvar sundag med matserving. Olaløo har hatt samanhengande drift sidan opninga i 1995.

Vi må ta med at bestefar til Hanne, Godtfred Bakke, var med på alt det ytre arbeidet med restaureringa av Olalø og gardshuset på Bondhus. Ei grindbygd skykkja i tunet er også Godtfred sitt verk.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland